



Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL

Saksbehandlar  
Siri Mæland

## Tilskot til kommunalt rusarbeid for 2026

Ordninga er avvikla og 2026 er siste tildelingsår. Løyvinga til kommunalt rusarbeid over statsbudsjettet kap. 765, post 62 vert innlemma i rammetilskotet til kommunane for budsjettåret 2026.

Det er berre mogleg å søke om overføring av ubrukte tilskotsmidlar frå 2025 til 2026 for å vidareføre tiltaket i ordinær drift, eventuelt til forsvarleg avvikling av tiltaket. Tildelinga er i tråd med føringar frå Helsedirektoratet om avvikling av tilskotsordninga og det vert ikkje gitt tilskot frå og med 2027.

### Tildeling for 2026

Vi viser til rapportering på tilskot til kommunalt rusarbeid for 2025, som viser at de har ubrukt tilskot som de vil overføre til vidareføring av tiltaket i ordinær drift i 2026.

Ved å styrke tilbod innan førebygging, tidleg intervensjon, behandling og oppfølging skal tilskotet bidra til betre livskvalitet, meistring og moglegheit for eit aktivt og meningsfullt tilvære for personar med rusmiddelrelaterte problem og deira pårørande. Ordninga vektlegg å styrke lett tilgjengelege og berekraftige tilbod på rusfeltet. Tilbod skal utviklast og evaluerast i samarbeid med brukarar og pårørande.

I 2026 får Kvinnherad kommune med dette eit tilskot på 972 829 kroner over kapittel 765 post 62.

### Tilskotet vert gitt til:

Tiltak	Tildeling 2026 kr	Overført frå 2025 kr	Til utbetaling kr
Trivselsvaktmeister – årsverk	972 829	972 829	0

Tildelinga er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. De kan difor ikkje klage på avgjerda eller vilkåra i dette brevet, jamfør forvaltningslova § 2, første ledd, bokstav a og b.



## Bruk av midlane i 2026

Tilskotet skal gå til løn for vidareføring av tiltaket i ordinær drift.

Tilskotet kan ikkje nyttast til investering, inventar eller administrasjon.

Midlane skal nyttast til føremålet dei er gitt til i dette budsjett- og kalenderåret jamfør regelverket for tilskotet og vilkåra i dette brevet.

For tilskotet gjeld Helsedirektoratet sine standardvilkår:

<https://www.helsedirektoratet.no/standardvilkar-for-tilskudd>

Merk at midlar berre kan overførast ein gong.

## Ubrukte midlar

Dersom midlane ikkje vert brukte i 2026 skal dei ubrukte midlane betalast tilbake til Statsforvaltaren, kontonummer **7694 05 01098**, merk tilbakebetalinga med *Kommunalt rusarbeid – kapittel 765.62* og vårt saksnummer. Statsforvaltaren skal informerast om dette på førehand.

## Rapportering

Kommunen skal ikkje rapportere for 2026.

- *Dersom samla tilskot er under 1 000 000 kroner, er det ikkje rapporteringsplikt for 2026*

## Kontroll og dokumentasjon

Statsforvaltaren har rett til å kontrollere at tilskotet vert brukt etter føresetnadane, jamfør § 10 andre ledd i Bevilgningsreglementet. Vi gjer merksam på at Riksrevisjonen kan kontrollere om tilskot vert brukt etter føresetnadane, jamfør lov om Riksrevisjonen § 12 andre ledd.

Med helsing

Linda Svori  
seksjonssjef

Siri Mæland  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Kvinnherad kommune

v/Linn Stene Hellås, Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL